



www.g-kultur.no

Oslo, 20.9. 2016

## P R E S S E M E L D I N G

### **Stiftinga G-Kultur med stønad til fem nye prosjekt**

Stiftinga G-Kultur mottok 10 søknader til utlysingsfristen 1. september, og på styremøtet 18. september vart det gjeve stønad til fem prosjekt med samla stønadssum på 50.000 kr.

Desse prosjekta fekk stønad:

**Lesja Historielag** v/Oddvar Romundset og Bjørg Nordset, 5.000 kr til bokprosjektet «Kakejern/bakstjern».

**FIRO** v/ Mads Erik Odde, 10.000 kr til CD-produksjon.

**FolkRekrutt** v/Mari Midtli, 10.000 kr til kursverksemd for ungdom.

**Heidal Amatørteaterlag** v/Ole Kristian Ødegård, 15.000 kr til «Fjellfolk», spel om Jo Gjende.

**Fåberg Musikkforening** v/Hanne Maren Kristensen, 10.000 kr til «Jeg drømte ...», konsert.

### **Årets satsing 2017, lokalhistoriske tidsskrift og publikasjonar:**

G-Kultur har avsett midlar til «Årets satsing 2017», der ein prioriterer stønader i form av stipend for arbeid med artiklar til lokalhistoriske tidsskrift og publikasjonar. Det er nå vedteke eigne retningslinjer for satsinga, som interesserte kan finne på nettsida til G-Kultur eller få tilsendt ved å vende seg til ein av kontaktpersonane som er nemnd nedanfor. Søknadsfrist for stønader frå denne satsinga er **1. februar 2017**.

### **Kontakt for meir informasjon:**

Knut Hovslien, styreleiar      knut.hovslien@online.no, 9719 5148

Kjell Austin, sekretær      kaustin@online.no, 4150 9460

Lars Ole Ørjasæter, kasserar      lars.ole.orjaseter@getmail.no, 9085 9406

---

Stiftinga G-Kultur forvaltar midlane etter Gudbrandsdalslaget i Oslo, som vart nedlagt i 2013, og har som føremål å gje økonomisk stønad til kulturaktivitetar og kulturverksemd med tilknytning til Gudbrandsdalen. Stønad blir gjeve både til amatørar og profesjonelle innan skapande og utøvande verksemd. Det vil bli teke ekstra omsyn til prosjekt og tiltak som har barn og unge som utøvarar og/eller målgruppe.